



KYSTVERKET

Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Dykkar ref
22/196 - 22/94534

Vår ref
2022/6288-2

Arkiv nr

Sakshandsamar
Jan Olsen

Dato
20.12.2022

Fråsegn til detaljreguleringsplan for Sauvågen næring og småbåthamn - Alver kommune - Vestland fylke

Kystverket syner til sending frå Alver kommune datert 12.12.2022 vedkomande høyring og offentlig ettersyn av detaljreguleringsplan

Formålet med planen er bedrifta Arilds Port AS sitt behov for utvida plass ved si verksemd i Sauvågen.

Det er Arilds Port og Eiendom AS som er forslagsstillar og det er ABO plan & arkitektur AS som er plankonsulent.

Grunnlaget for Kystverket sitt engasjement i planarbeidet


Kystverket er ein nasjonal etat for kystforvaltning, sjøsikring og beredskap mot akutt forureining. Vi tek ansvar for sjøvegen og produserer viktige fellesgoder for samfunnet. Det overordna målet for den nasjonale transportpolitikken er eit transportsystem som er sikkert, fremjar verdiskaping og bidreg til omstilling til lavutsleppsamfunnet.

Samferdselsdepartementet har gjeve Kystverket i oppdrag å bidra til å utvikle eit heilskapleg transportsystem.

Eit velfungerande sjøtransportssystem med farleier, hamner og hamneterminalar er særskild viktig for næringsutviklinga langs kysten, for at norske bedrifter kan inngå i større handels- og produksjonsnettverk og for at personar skal kunne reise mellom heim og arbeidsstad.

Kystverket har rettleiing og informasjon om vår rolle i arealplanlegginga på våre [nettsider](#)¹. Her finn ein og styrande dokument som ligg til grunn for vår medverknad i planlegging etter plan- og bygningslova.

¹ <https://www.kystverket.no/sjovegen/arealplanlegging/>



Kystverket sine vurderingar

Ved mottak og ettersyn av planforslag med tilhøyrande dokument og historikk ser vi at Kystverket ikkje har blitt involvert i prosessen ved varsel om planoppstart. Vi har ikkje hatt høve til fråsegn til oppstart, planprogram eller den tilhøyrande prosessen. Kystverket har rett og plikt å delta i planarbeidet jf. plan- og bygningslova § 3-2 tredje ledd. Plan- og bygningslova § 5-1 første ledd og § 5-2 første ledd har reglar om medverking og offentleg ettersyn.

Når kystverket ikkje har hatt høve til å delta i planarbeidet er det ein mangel ved planprosessen som kan medføre feil i sakshandsaminga.

I dette planforslaget kan vi jamvel ikkje sjå nokon openberre konsekvensar av denne mangelen.

Oppsummering

Kystverket har ingen innvendingar til planforslaget.

Med helsing

Jan Morten Hansen
avdelingsleder

Jan Olsen
seniorrådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent

Eksterne kopimottakere:

Fiskeridirektoratet
Statsforvalteren i Vestland

Postboks 185 Sentrum
Statens hus, Njøsavegen 2

5804 BERGEN
6863 LEIKANGER

Vedlegg: